

Emnenr. 23

Fylke: Telemark

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Kviteseid

Emne: Bordskikk til kvardag. Bygdelag: Brunkeberg

Oppskr. av: Jørgen Heggbreit Gard:

(adresse): Meås

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Etter ^{de} min avlode far
fortalte og eldre folk.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. I gamle dagar åt dei mest med skivo, eller dei ha eit mindre bord.

Langbordet stod for meste på yverstoga. Skivo var eit bord med eit sume too bein. Den var festa på veggen so dei slo den berre upp og ned ved bruk.

Her inntok dei sine måltid då dei enno ikkje ha kjøken.

2. Her samla heile huslyden seg og åt,

3. Det var ikkje forskjell på tenkar ^{og} og husfolki alle åt ved same borde.

4. Ingen ha forskjell på maten dei åt alle av den same.

5-6. No til dags et husfolket og tenkarne på kjøket, her er varmest då ingen vil fyre stoga upp til kvardag, so sant dei da ikkje bur i henne da.

7. Husfaren sat midt for bordet eller på enden av det. No tok dei det ikkje so nøye til kvardag, det var no helst til høgtid og i lag.

8. Bornu hev ikkje stae og ete ved bordet.

9.

Det er som regel at husfaren hev sin plads ved borde no og.

10. Det blir ved vitten av bordet eller ved enden.

11. A vaske hendarne før dei åt var dei ikkje noye med. Dei tok av seg lusa når dei åt kor langt atende dei gjorde det veit dei vist ikkje.

12. Alle åt av same fatet i gamle dagar. Dei ha store fat av tre til graut og like eins til mjølk. Dei tok treskeii og dypa bort i mjølkefatet med grautbiter i når dei åt. Det kom mjølk-bollar i slutten av 1800 talet, då var det slutt. Men det var dei som brukte ^(dypne skiphov) det heilt inn i 1900 talet. Dei drakk og mjølk av dei store trefati. Ol drakk dei or ølbollen som dei ha både små og store av. Kaffekoppar hev vore i bruk sidan slutten av 1700 talet då kaffen au kom i bruk.

13. Det var mange som åt or gryta, "skrapa gryta" som dei sa. Dei sette den lå framfor seg på ein krakk, slo mjølk på det som var att når dei ha aust or det meske, skrapa og åt. Den treskeii som dei brukte til det var slifi heilt skakk i blade av skrapunga. Et framande var bodne på dette er dome på frå Letesdal. Gamle Joron Heggveit og lensmann Steinar Heggveit frå Brunkeberg var i Letesdal ein tur. Dei kom på ein gard og der var det

sett i gryte med graut på ein krakk, med ei treskei til hvar. Dei var so bodne inn åt. Lensmannen syntes nok at det var ei rar servering men sette seg då på den andre sida av gryta på krakken. Dette var i 1850 åra.

14. Dei bruka og ~~karve~~^{brøse} braud i kjøt og sja, det åt dei som ana sôld. Like eins gjorde dei i mjôlk. (sjôrmjôlk.) Her tok dei a. fela av romen som dei fekk på mjôlketroggi. Det som var att av romeklompar var so slege saman med den ~~den~~ mjôlki som var under, dette kall dei "fløytingjôr". Sjôrmjôlki var itkje sur den var nett gjenge om det ein då kallar "sjôrmjôlk" her.

Når dei åt tala dei om a "tugge matar val". Ein grautbise sa dei når dei åt 15-16 - It baka sukkerbiten i kjeften ^{graut.} og drikke kaffe av skali, var bruka alstôdt i gamle dagar. Det vert og nytta no for tid då særleg av eldre folk. Dei kosa seg rektiggodt då dei fekk sita so og blåse på kaffen som var heit.

17. Gafflar var bruka men helst hjå dei rike og embetsfolki, hjå dei mindre var dei sjeldnare. Men dei er gamle då her er gafflar gtt frå 1700-1800 talet.

18. Dei ha boordknivar med beinskapt, like eins med gafflar.

19. Det var treskeier dei åt med. Dei skeierne som dei ha i høgtid og lag var fint utskorne i blad og skaffet.

Når dei ha ete slikka dei vel av skui og stakk den bort i ei rivo i veggen. Dei var teje nøye med vasken i dei dagar. Fyrst når jaenskeierne kom i bruk ved århundraskiftet tok dei til å vaska dei.

20. Tallerkar var heller ikkje i bruk her fyr århundraskiftet som var nevande. Det var berre trefati fyre den tid. Då kom dei meir burt frå dei og austre grauten upp i steintoytallerkar.

21. Til kvar dag ha dei berre kvitkura bord. Bruken av vokterduk kom heller ikkje før ved dei tider i bruk. Dei lagde dei på når det kom framande like lins når dei fekk lindurkar.

22. No for tid hev dei måla bord dei fleste staer, berre dei som hev skivo i bruk hev den umåla.

23-24 I mindre heimar der det var mange born, måtte dei nok skjya til at dei for å få det til å strekkja til, ellers ikkje.

25. Dei at som regel av same fatet og nokon forskjell i mengdi av mat til kvar, einiskild var det ikkje.

26. I kring too årsalderen fór borni lov å forsyne seg sjolve. Då sit dei med bordet og får hjelp av mor og far og eldre systkin. Det er no helst til å smørja smor på brødet og andre ting, men dei et og drikk no aleine av kapp og fat.

27. For småbarn var det a mindeleg i gamle dagar å bygge maten for
28. I dei kristlege heimar vert det lese for maten både før og etter. Det er i det stille. Men i lag og fest vert det når presten er med sunge eit bordvers før og etter maten. I heimar når dei bed bordbøn er dei med alle. Det er ingen forskjell om framande kjem og sit til bords. Men joleftan bruka dei stadig og lesa og syngja for maten høgt i gamle dagar. Sengen var: "Eit lite barn so lystelig, er komen til oss på jorden" o. s. v.
29. Dei sat og snakka om forskjellige når dei åt, men helst om arbeid og det som dei stuka med på garden. Det gjer dei
30. Når dei sat til bords skulde dei ikkje læ eller halda leven. Dei sa til borni: "Du får sita still når du åt," Eller "Du får lata vera læ når du hev mat i kjippen."
31. Å synge ved borde hev ikkje vore bruka, træn dei songar som dei syng til maten.
32. Alle måtte ha ite før dei reiste frå bordet. Var det nokon som reiste før, f. eks. borni sa dei: "Du får halda bordskikk, og ikkje reisa før me an andre er feruga."
33. Takkar for maten gjer dei berre borte ikkje heime. Børge på besøk som er 2-3 år må fara rundt og taka husets folk i handi og sei: "Takk for maten." Det gjer dei innas.

34. Når ein framand kom inn når dei
åt sa han: "Gjerne maten."

35. Kom ein framand inn under mål-
side so vart han oftast sett inn til
borde han og. Men for det meste sit han
og pratar og vert so stelt for etterpå.

36. Kjem ein framand inn millom mål-
tid so stiller dei mat for han.

Dei hev ord på seg her i bygdi for å
vera "gjestmilde" alle.

37. Mest alle som ha gjenge eit stykke
eller vart sittjande ei stund skulde ha
mat og kaffe. Hadde dei påsmurt kling,
eller no svinar då dei fekk smakaker i
bruk sette dei fram det i stavn for ^{mat} ana.

38. Ein kopp kaffe vart alle bodne på.
Dei ha kjelen på so segja heile dagen.

Dei ha ein stor gruttkjèle standande som
dei koka ut gruten på. Kaffen hev
vare rekna som ei stimulerande gift
for gamle og yngre. Når dei var for-
kjøla var det den dei tok til.

Kaffen sette blodlaupet i sving,
og er difor den drikken ved sida av
øl og sur mjølk som er mest bruka.

39. Disse reglar undantake öl og mindre
sur mjølk brukar dei enno. For born vert
kaffen rekna svært skadleg og stannar
voksteren på dei.

39. Når ein framand kjem til gards
vert han beden inn i storstoga. Her
sit som regel husfaren og gjesten og et

og drikk ein kopp kaffe saman.
 H0. Før i tid var folk so svært „forsjell-
 ne“ av seg. Dei måtte nøyas til å eta og
 når dei var bodne til bords. Det var gjort
 både ein tvo og tri vendor. Ein mann
 kunne vera skrubbsboltin endå baud
 han av. Dei fortel om ein gamal mann
 her i Brunkeberg som kom til lensmannen
 ein gong. Lensmannen viste at han var glad
 i ein dramme. Gjekk so burt i skåpet og
 fann fram flaske og glas og baud ein dram.
 Men gjemlingen baud av: „Ja, ja sa lensmannen
 eg får seta den burt att då. Men då var
 ikkje mannen sein om og triva drammen.
 Då lo lensmannen godt.“

H1. Det høver ikkje alltid at husbonden
 et med gjesten vis han nyss her
 vore til bords. Han set seg då eit
 stykke i frå vendt mot gjesten,
 pratar og held han med selskapp.
 Dette evne var bordskikk til
 kvardag her i Kvitesid frå
 1800 talet og ut i over 1900 talet.

5057

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING